

VEDTEKTER FOR KOMMUNAL SKULEFRITIDSORDNING I SØR-FRON KOMMUNE

1 EIGAR

Sør-Fron kommune eig og driv skulefritidsordninga (SFO) i samsvar med opplæringslova.

2 FORMÅL

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.-4. trinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. trinn.

Innhaldet i SFO skal byggjast på barna sine behov for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og sosial læring.

SFO skal i nær forståing og samarbeid med heimen sikre gode vilkår for utvikling og aktivitet.

Nynorsk er opplæringsmålet i Sør-Fron kommune, og skal så langt råd er brukast i songar og litteratur i skulefritidsordninga.

3 LEIING

Skulefritidsordninga ligg administrativt under kommunalsjef for levekår. Rektor har det administrative og faglege ansvaret for skulefritidsordninga.

Kommunestyret er ansvarleg politisk styringsorgan.

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og andre myndigheitskrav, og i samsvar med kommunale vedtekter, planar og eventuelle andre styringsdokument.

Kvar skule har felles samarbeidsutval for skule og SFO.

4 OPPTAK

4.1 Opptaksnemnd

Opptaksnemnda har rett og plikt til å gjera hovudopptaket av barn i dei kommunale skulefritidsordningane.

Hovudopptak blir gjort av ei opptaksnemnd på 2 personar: 2 rektorar, som har SFO på sin skule. Rektor på den største skulen er leiar i opptaksnemnda.

Søknader om plass i SFO blir gjort med enkeltvedtak av opptaksnemnda ved leiaren.

Hovudopptaket skjer om våren.

Opptak utanom hovudopptaket blir gjort fortløpande av rektorane.

4.2 Opptakskriteriar

Ved opptak til skulefritidsordninga skal det gjerast ei totalvurdering av barnet sin situasjon.

Retningsgjevande prioriteringar ved opptak:

1. Barn med funksjonshemming der barnet kan ha nytte av opphaldet
2. Barn som har slike oppvekstvilkår at det kan ha uheldig innverknad på barnet sin livssituasjon
3. Barn der einsleg forsørgjar er i arbeid eller utdanning eller av andre vektige grunnar treng skulefritidsplass
4. Barn som er flyktingar og/eller framandspråklege
5. Barn som har bue føresette i arbeid eller utdanning utanfor heimen

Under elles like vilkår gjeld desse prioriteringane:

- Dei yngste elevane har førsterett til plass i skulefritidsordninga
- Barn som søker heiltidsplass har prioritet framfor barn som søker korttidsplass

Det blir krevd dokumentasjon frå PPT, helsesystem, lege eller andre sakkunnige når det gjeld funksjonshemming, sjukdom o.l.

4.3 Klage på vedtak

Vedtak vedrørande tildeling av plass kan påklagast. Dersom søker vil påklage vedtaket om plass i SFO, skal klagen sendast til kommunen innan 3 veker frå det tidspunkt vedtaket er gjort kjent for søkeren.

Kommunalsjef er klageinstans for klage på vedtak om opptak. Jf. § 28 i forvaltningslova.

5 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

1. Søknad om opptak skjer, helst elektronisk, på fastsett skjema etter kunngjering.
2. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars. Tildeling av plass skjer for eitt skuleår om gongen. Det må dermed søkjast om ny plass frå starten av kvart skuleår.
3. Skulefritidsordninga følgjer skuleåret, og kan etter behov halde ope i haust- og vinterferien.
4. Det kan søkjast om heildagsplassar og ikkje morgon- eller ettermiddagsplassar. Det kan søkjast fritt på dagkombinasjonar frå måndag til

fredag. Det kan takast omsyn til delt omsorg med opphald annan kvar veke, men ikkje delte enkeltdagar. Slike ordningar må avtalast på førehand.

5. Tildelt SFO-plass kan seiast opp. Oppseiinga skal vera skriftleg og skal sendast rektor seinast 1 måned før barnet sluttar. Det skal betalast for oppseiingsmånaden. Dersom plassen blir sagt opp etter 1. april må ein betale for plassen ut SFO-året.
6. Det kan søkjast om SFO-plass i skulen sin sommarferie, men ikkje 4 veker i juli. Søknad om sommar-SFO skal sendast rektor innan 1. mai. Det skal brukast eit eige søknadsskjema for dette.

6 FORELDREBETALING

Sør-Fron kommunestyre fastset reglane og satsane for foreldrebetalinga.

For ordinær SFO-plass (SFO-plass som følgjer skuleåret) skal det betalast 10 månader i året.

Det blir servert eit lett måltid kvar dag. Betaling for dette kjem i tillegg til betaling for opphaldet.

Retningsliner for kjøp av enkeltdagar i SFO:

1. Barnet må allereie ha plass i ein av kommunen sine SFO-ordningar.
2. Det må vera ledig plass.
3. Dagane må om mogleg avtalast minst 1 dag på førehand.

Ved manglande betaling utover ein måned, kan barnet, etter skriftleg vedtak i administrasjonen, miste retten til SFO-plassen. Dersom betaling blir registrert, eller betalingsavtale blir inngått innan 14 dagar etter vedtaket, kan barnet likevel få behalde plassen.

Feriefråvêr gjev ikkje rett til fritak for betaling.

Ved sjukefråvêr o.a. fråvêr som strekkjer seg samanhengande ut over ein måned, kan kommunalsjefen etter søknad gi betalingsfritak for den tida som går ut over ein måned.

Søknad om permisjon frå SFO må sendast skrifteleg til rektor ein måned før aktuell permisjonsperiode. Leiar i opptaksnemnda (rektor) avgjer søknaden og permisjon. Ved søknad om betalingsfritak, sjå punktet framfor.

Følgjande reglar gjeld for bruk av SFO i haust- og vinterferien:

Skulefritidsordninga følgjer skuleåret, og kan etter behov halde ope i haust- og vinterferien.

SFO er ope haust- og vinterferien om behovet er større enn 8 elevar pr. dag samla sett i kommunen. Kommunen vil ha ope SFO på ein av barneskulane.

Den tildelte dagkombinasjonen kan brukast frå kl. 06.45 til kl. 16.30. Bruk av andre dagar enn dei tildelte dagane (jf. vedtak om opptak) skal det betalast ekstra for, i form av dagspris. Det er ikkje høve til å flytte dei tildelte dagane.

Følgjande reglar gjeld for bruk av SFO i sommarferien:

Sommar-SFO er eit ekstra tilbod for elevane i skuleferien, og betaling for dette tilbodet kjem i tillegg til det ordinære SFO-tilbodet.

7 OPNINGSTID

Skulefritidsordninga i Sør-Fron er open frå kl. 06.45 til kl. 16.30 (men ikkje i skuletida) frå og med måndag til og med fredag gjennom skuleåret. Sjå skuleruta.

SFO er stengt:

- I påskeveka
- 4 veker i juli,
- i skulen sin juleferie,
- 5 kurs-/ planleggingsdagar i året,
- Haust- og vinterferiedagar med færre enn 8 påmeldte elevar samla i kommunen.

I perioder med få barn kan tilbod bli slått saman. Kommunen vil då ha ope SFO på ein av skulane. Dette gjeld:

- Heildagstilbod onsdagar
- Haust og vinterferien
- Sommar-SFO